



Mathias Haavik Tungesvik er 9 år og har alt vore med på 10 Kvinnheradløp.

**Mathias Haavik Tungesvik er 9 år og vart tildelt 10 årsmerke i Kvinnheradløpet i helga. Far hans, Kjell Harald Tungesvik, fortel at Mathias vart trilla i vogn berre 3 månader gamal for 10 år sidan. Etter det har guten vore med foreldra sine på alle løpa. Mathias saman med 6 andre frå Uskedalen var klar for 10 års merke. Det var elles gode prestasjonar av fleire uskedelingar som sprang på tid.**

Kristian Øvstebø peikar seg enno ein gong ut med gode resultat. Han vann klassen M 15 -24 på tida 20 min. og 21 sekund. Torbjørn Haugland vart nr. 5 i den same klassen med tida 27,21.

Kari Bråtun vart nr. 2 i klassen Kvinnherad 15 - 24 med tida 23,16. Andre Øvstebø sprang seg inn til ein 4. plass i klassen M 11 - 14 på tida 23,26.

To menn frå Uskedalen var med i klassen 55 - 64. Det var Kurt Haugland med tida 28,34 og Jan Magnar Sæle med tida 30,39.

Frå Uskedalen finn vi desse namna for 10 års merke:

- Nils Haugland
- Torstein Monsen
- Kjell Erik Taranger
- Mathias Haavik Tungesvik
- Marte Kristoffersen Øyjord og familien hennar: Ida og Lars-Lidvard

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjell Tungesvik